

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
111	Knut Øyjordet	17.04.20	14/20

BUDSJETT FOR 2020

Saksdokument:

Forslag til budsjett for 2020, som er vedlagt saka.

Saksutgreiing og vurdering:

Det er sett opp eit forslag til budsjett, som i hovudsak er basert på rekneskapet for 2019, forventa utgifter og inntekter og tidlegare årsbudsjett. Kommenterar og grunngjeving for forslag til dei ulike inntekts- og utgiftspostane vil bli gjeve direkte i møtet.

For søknader om tilskot, har fjellstyret tidlegare vedteke at alle normalt vil bli behandla i samband med budsjettet. Oversikt over dei fleste søknadene er kopiert opp og lagt ved saka. Det er foreslått å gje tilskot for dei fleste av søknadene og med beløp, og grunngjeving for dette blir gjort direkte i møtet. Nokre tiltak er ”faste” fordi fjellstyret har gjort vedtak tidlegare om årleg tilskot, dvs. til beitelaga og Jegerprøvekurset. Elles er det eitt tiltak som det er gjeve tilsagn om tilskot tidlegare, men som ikkje er utbetalt ennå (til Randsverk grendelag for ein naturstig med informasjonstavler).

For setervegane er det lagt ved ei oversikt over inntekter, utgifter, saldo og tildeling for dei siste åra. Styret i Veslvassvegen søkte i fjor haust om eit ekstra tilskot. Fjellstyret vedtok å utsette behandlinga av søknaden til budsjett for 2020 skulle behandlast. Behovet for ekstra tilskot står i sak 29/19 (som er vedlagt saka). Det same gjeld søknaden frå Birisjøvegen veglag, som vart behandla i sak 28/19 (er også vedlagt).

Fjellstyret har tidlegare signalisert tilskot på kr. 100.000,- til prosjekt «Elgen i Oppland», dvs. elgmerke-prosjektet. Dette er eit fleirårig prosjekt, og det blir foreslått å budsjettere med kr. 50.000,- både i 2020 og i 2021. Det same med tilskot til kommunen for fiberutbygging gjennom Sjudalen.

Innstilling til vedtak:

Budsjettet til fjellstyret for 2020 er vedteke med samla inntekter på kr. 4.532.750 og utgifter på kr. 4.378.000,-. Dette gjev eit overskot på kr. 154.750,-.

Ang. tildeling av diverse tilskot, vedtek fjellstyret å gje tilskot på kr. 100.000,- til prosjekt «Elgen i Oppland», men fordeler dette med kr. 50.000,- i 2020 og i 2021. Det same med tilskot til kommunen på kr. 100.000,- til fiberutbygging i Sjudalen, dvs. kr. 50.000,- både i 2020 og i 2021.

Vedtak:

Samrøystes: Budsjettet til fjellstyret for 2020 er vedteke med samla inntekter på kr. 4.532.750 og utgifter på kr. 4.403.000,-. Dette gjev eit overskot på kr. 129.750,-.

Ang. tildeling av diverse tilskot, vedtek fjellstyret å gje tilskot på kr. 100.000,- til prosjekt «Elgen i Oppland», men fordeler dette med kr. 50.000,- i 2020 og i 2021. Det same med tilskot til kommunen på kr. 150.000,- til fiberutbygging i Sjudalen, dvs. kr. 75.000,- både i 2020 og i 2021.

Steinar Håkenstad er leder av Griningsdalsvegen, og var inhabil i behandlinga av budsjettet som gjaldt tildeling av tilskot til vegstyra, og han fråtredde under behandling av dette.

Rett utskrift. Går til:

Vågå kommune

Innlandet Revisjon

Vågåmo, 17.04.20

Knut Øyjordet (e.f)

BUDSJETT VÅGÅ FJELLSTYRE 2020

	Noter	Budsjett 2020	Rekneskap 2019
INNETEKTER			
JAKT/FISKE			
Småviltjakt		650 000	694 352
Villreinjakt		5 000	8 600
Elg- og hjortejakt		550 000	588 500
Rådyrjakt		15 000	15 900
Treningskort/jaktprøver		20 000	27 650
Fiskekort		<u>500 000</u>	<u>516 755</u>
SUM		1 740 000	1 851 757
SAL/LEIGE			
Vågå tamrein AS		270 000	268 452
Lom tamrein AS		16 000	15 864
Anna beiteleige		750	750
Kart		2 000	1 250
Rogn		30 000	32 400
Utleige båtar		10 000	10 080
Utleige hytter		170 000	165 241
Sal bord/benkar			12 000
Camping Steinholet		<u>30 000</u>	<u>32 723</u>
SUM		528 750	538 760
REFUSJON/TENESTESAL			
Finndalen fjellstyre		90 000	96 200
AS Vågåfisk		310 000	311 600
Tenestosal Miljødir./SNO		185 000	181 799
Anna tenestosal		20 000	170 661
Refusjon for oppsyn		368 000	367 982
Festeavgift		1 200 000	1 169 975
Andre inntekter		<u>1 000</u>	<u>51 805</u>
SUM		2 174 000	2 350 022
SUM INNETEKTER		4 442 750	4 740 539

	Noter	Budsjett 2020	Rekneskap 2019
KOSTNADER			
JAKT/FISKE			
Jakt- og fiskekort		0	8 332
Inatur		7 000	6 850
Storviltjakt		21 000	20 714
Settefisk		170 000	156 000
Utstyr fiskekultivering		5 000	11 711
Skotpremie		20 000	15 250
Provisjon kortseljarar		<u>175 000</u>	<u>176 061</u>
SUM		398 000	394 918
TILSETTE/FJELLSTYRE			
Løn tilsette		1 550 000	1 455 691
Feriepengar		180 000	174 745
Godtgjersle styre		80 000	63 000
Arbeidsgjevaravgift		140 000	135 891
Pensjon		350 000	309 630
Godtgjersle utstyr		15 500	15 500
Godtgjersle telefon		3 000	3 259
Kjøregodtgjersle tilsette		220 000	215 878
Kjøregodtgjersle styre		8 000	6 001
Andre reisekostnader		7 000	5 505
Diett		7 000	6 240
Sikringsutstyr/uniform tilsette		<u>20 000</u>	<u>25 827</u>
SUM		2 580 500	2 417 167
AVSKRIVING			
Avskrivning		<u>120 000</u>	<u>117 950</u>
SUM		120 000	117 950
KONTORHALD/ADM.			
Kontorleige		95 000	93 769
Kontorhald, telefon m.m.		75 000	74 424
Kontingentar		140 000	140 098
Forsikring		42 000	41 092
Revisjon		30 000	27 600
Møter og kurs		40 000	19 114
Heimeside		<u>12 000</u>	<u>11 900</u>
SUM		434 000	407 997
ANDRE KOSTNADER			
Drift av Steinholet		20 000	30 550
Utstyr/vedlikehald/drift hytter		250 000	116 071
Diverse utstyr		7 000	5 758
Båtkostnader		10 000	13 524
Anna		<u>70 000</u>	<u>44 178</u>
SUM		357 000	210 081

	Noter	Budsjett 2020	Rekneskap 2019
TILSKOT			
Næringstiltak		468 000	455 390
Allmennyttige formål		<u>40 500</u>	<u>54 652</u>
SUM		508 500	510 042
SUM KOSTNADER			
		4 398 000	4 058 155
DRIFTSRESULTAT			
		44 750	682 383
RENTEINNTEKT M.M			
Renteinntekt		<u>90 000</u>	<u>90 714</u>
SUM		90 000	90 714
FINANSKOSTNAD			
Finanskostnader		<u>5 000</u>	<u>4 797</u>
SUM		5 000	4 797
ÅRSRESULTAT			
		129 750	768 299
RESULTAT			
		129 750	768 299

Tilskot næringstiltak

Vegstyra, vedlikehald seterveggar	210 000	200 000
Beitelaga, gjeting	60 000	58 000
Odd Ymbjørgøyen, brøyting	3 000	3 000
Vågåfjell Turløyper, løypeprep.	70 000	70 000
Prosjekt "Elgen i Oppland"	50 000	
Vågå kommune, fiber Sjødalen	75 000	
Russdalen beitelag, inventar bu		7 500
Nordås Gårdskjøtt		9 375
Besseggen turisme, brosjyre		7 500
Langmorkje alm, skogtakst/beitetakst		<u>100 000</u>
Sum	468 000	455 375

Tilskot allmennyttige tiltak

Heidalskogen skianl, prep. turløyper	7 500	7 500
Jegerprøvekurset	7 000	7 000
Vågå kommune, transp. fiskeanl. 7. kl.	6 000	5 150
Birisjøvegen, vedlikehald	15 000	
Randsverk grendelag, naturstig	5 000	
NINA, bok om fiske i Vågå		20 000
Steindals-/Skjellvegen, vedl.hald veg	0	5 000
Vågå JFF, våpen til m.a. Jegerprøvekurs		<u>10 000</u>
Sum	40 500	54 650

Tilsagn 2018